
Vår referanse 2021/7857-10
Dato 24.09.2021

Inge Hermann Rydland
Knapstadveien 18
1823 Knapstad

Svar - Dispensasjon byggjegrænse - Fv. 5472 Seimsstranda - Gnr 173 bnr 3 - Fasade og påbygg - Alver kommune

Vi viser til søknad av 30.03.2021, samt Alver kommune sitt vedtak om dispensasjon frå arealføremål mottatt 01.07.2021.

Saka gjeld

Det er søkt om å rehabilitere ei gamal løe, med endring av fasade og løfte takkonstruksjon. Næraste bygningsdel er 6,5 meter frå vegmidte. Det søkt om å rehabilitere bygningsdel som vender vekk frå fylkesvegen.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5472 Seimsstranda for å rehabilitere løe på gnr. 173 bnr. 3 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 17.02.2021.
2. Avstanden frå løa (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5472 skal vera minst 6,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrse må følgjast.
4. Løa må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5472.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fv. 5472 Seimsstranda har ei fartsgrense på 50 km/t på denne strekninga, og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 400. Strekninga er klassifisert til «Lite streng» jf. Rammeplan 2021 - 2024. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar søknaden.

I oversendingsbrevet frå Alver kommune er det vist til at bygningsdel nærast fylkesvegen var rehabilitert i 2014. Kommunen gav løyve til reparasjon og ombygging i vedtak datert 10.06.2014. Kommunen gav i same vedtak dispensasjon frå byggjegrænse langs veg, jf. føresegn 1.6 i kommuneplan for Lindås 2011 - 2023. Kommunen opplyser at Statens vegvesen gav positiv uttale.

Det er søkt om å rehabilitere bygningsdel som ligg lengst frå veggen. Det er ikkje sendt inn situasjonskart, men vi legg til grunn situasjonskart datert 17.02.2021, som følgjer kommunen si sakshandsaming. Etter ei samla vurdering av forholda gjev vi løyve til rehabilitering av løa slik det er søkt om. Løa kan ikkje takast i bruk til andre bruksområde enn det som kjem fram av søknaden.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Gnr 173 bnr 3 Alver

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4